

Nettverk for samfunnsfagene i lærer-, lektor- og barnehageutdanningene

April 2018

Lederen har ordet

I dette nummeret

- 1 Lederen har ordet
- 2 Nettverksnytt
- 3 Nytt
- 4 Konferanser
- 5 Møt en stipendiat

**Nettverk for
samfunnsfaga i lærer-
lektor- og barnehage-
lærerutdanningane er
skipa!**

Nettverket er fødd etter eit *langt* svangerskap. I mange år har fagpersonar med ulik fagleg bakgrunn og institusjonell tilknytning sakna ein fagleg infrastruktur, - med den kontaktflata, informasjonsflyten, dei diskusjonsfelleskapa – og den utviklinga slikt noko kan skapa både for forskning- og undervisning.

Lærerutdannarar på Austlandet tok initiativ til samling seinhausten 2016 på Universitetet i Oslo. Tanken var at representantar for fagmiljøa skulle verta betre kjende med kvarandre og gje pådriv til formell organisering ved neste krossveg.

Neste krossveg vart ein fagkonferanse hausten 2017 med formell skiping av nettverket. Samfunnsfagmiljøet ved Institutt for Lærerutdanning ved NTNU arrangerte denne i samråd med eit interimstyre med representasjon frå alle landsdelar. Omlag 85 deltakarar der meir enn 60 av desse presenterte eiga forskning eller eigne utviklingsarbeid pluss fastsetting av grunnleggjande premisser for organiseringa av nettverket, var det som kom ut av samlinga.

I litt meir akademisk høgstil kan me omformulera dette til at konferansen og danninga av nettverket var eit løft for den faglege infrastrukturen rundt samfunnsfaga i dei ulike lærerutdanningane. Som samfunnsvitatar og humanistar av ulikt slag, er det kanhenda ikkje overraskande at me prøver å bøta på mangelen på fagleg infrastruktur rundt lærerutdanningsfaga våre med felles organisering.

Og den reisa har berre sovidt starta. Det skal koma minst endå eitt nyhendebrv som dette i løpet av året, nettsider om nettverket er oppe og går, og skal oppdaterast. Informasjonsflyten om fagpersonar, fagmiljø, forskings- og utviklingsprosjekt og satsingar, konferansar, nye innsikter, stillingar og viktige institusjonelle utviklingslinjer skal betrast mykje. Vår eigen fagkonferanse skal innarbeidast som ein tradisjon der det både kan vera rom for «ferskingane» i faget og for dei tungt etablerte veteranane i toppstillingar. Og særleg for at desse to kategoriane (og alle imellom) får møta kvarandre til inspirasjon, diskusjon og læring.

Samfunnsfagmiljøet ved HSN er for lengst ute av startblokkane og godt i gang med dei tidlege etappane i stafetten fram mot konferansen i 2018. Den skal vera på Høgskolen i Sørøst-Norge (HSN) i Drammen 28. og 29. november – les om konferansen på nettsidene <http://samfunnsfag.net/konferanse.html> - der vil det koma meir informasjon etterkvart som bitane fell på plass. Tenk gjerne gjennom kva du sjølv og andre du kjenner kan bidra med på denne konferansen.

Den viktigaste oppgåva styret for nettverket har, er å leggja til rette for at nettverket finn si form organisatorisk utan omfangsrikt byråkrati og formell organisering, men likevel sopass organisert at nettverket faktisk vert eit kollektivt gode for samfunnsfagfolk av alle slag innanfor lærerutdanningane.

Me har møtt ein god del velvilje frå institusjonane, men det står framleis ein del att før *alle* institusjonane våre innser verdien av eit slikt organisert fellesgode. Me får satsa på å driva litt tilrettelagt opplæring for dei som treng det mest ved å gjera ein god jobb.

Roar Madsen

Nettverksnytt

Det fyrste årsmøtet for nettverket (2017) slo fast at styret skulle ha representasjon frå regionar, definert som nord, midt, aust, sør og vest.

Nettsidene til nettverket har adressa: <http://www.samfunnsfag.net/>

Leiar: **Roar Madsen** er fyrsteamanuensis ved Institutt for Lærarutdanning, Noregs Teknisk-Naturvitenskaplege Universitet (region midt). E-post: roar.madsen@ntnu.no. Tlf.: 73412794 (arbeid).

Nestleiar: **Kari-Mette Walmann Hidle** er fyrsteamanuensis ved Institutt for sosiologi og sosial arbeid, Universitetet i Agder (region sør). E-post: kari.m.hidle@uia.no. Tlf: 38142042

Ansvarleg for nyhendebrev: **Håkon Rune Folkenborg** er fyrstelektor ved Institutt for Pedagogikk og Lærarutdanning, Universitetet i Tromsø – Noregs Arktiske Universitet (region nord). E-post: hakon.folkenborg@uit.no. Tlf: 77660438 (arbeid).

Ansvarleg for nettside og for nettverkskonferansen 2018: **Heidi Biseth** er fyrsteamanuensis ved Institutt for kultur, religion og samfunnsfag, Høgskolen i Sørøst-Norge (region aust). E-post: Heidi.Biseth@usn.no. Tlf: 31008772 (arbeid).

Ansvarleg for medlemskap/organisasjon: **Erlend Eidsvik** er fyrsteamanuensis ved Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag, Høgskulen på Vestlandet (region vest). E-post: Erlend.Eidsvik@hvl.no. Tlf: 55585790 (arbeid).

Tips om stoff til eller ferdigformulerte bidrag i komande nyhendebrev/på nettsida vår, er hjarteleg velkomne til Heidi Biseth (nettsida) eller Håkon Rune Folkenborg (nyhendebrev). Tips gjerne om stillingsutlysingar, bok- eller artikkelutgjevingar, disputasar, konferansar eller forskingsprosjekt. De gjerne vil ha fleire samarbeidspartnarar til. Det er lov til å bruka nettverket til den typen «kontaktannonse»... Synspunkt – risande eller rosande – eller framlegg til saker nettverket bør vera (meir) opptekne av, er sjølvsagt både hjarteleg velkomne, og ikkje minst heilt nødvendig, når nettverket etterkvart skal «finna seg sjølv» og si «form».

Styret 2017-2019



Roar Madsen



Kari-Mette W. Hidle



Håkon R. Folkenborg



Erlend Eidsvik



Heidi Biseth



NLA med nytt samfunnsfagleg lærarutdanningsmiljø i Oslo

Den kristne private lærarutdanningsinstitusjon Norsk Lærarakademi - høgskulen (NLA), driv grunnskulelærarutdanning på Breistein utanfor Bergen, og har fått NOKUT-akkreditering på femårige grunnskulelærarutdanningar 1-7 og 5-10 med til saman 100 studieplassar. For 5-10-studieprogrammet er samfunnsfag ogso eit fag studentane får tilbod om å velja som masterfag. Frå og med hausten 2018 skal NLA tilby grunnskulelærarutdanningar i Oslo, på same NOKUT-akkreditering (og med same studieplassdimensjonering) som Breistein-miljøet. Ogso her vil samfunnsfag vera eit masterfagtilbod for 5-10-studentane.

Dette medfører at NLA byggjer opp eit nytt samfunnsfagleg lærarutdanningsmiljø i Oslo. Samfunnsfagfolka ved lærarutdanningane på Universitetet i Oslo og Oslomet-Storbyuniversitetet er soleis i ferd med å få ein veslebror/-syster.

Lærerstudenter og kildebruk i undervisningen



Et utviklingsarbeid mellom Universitetet i Stavanger og Arkivverket

Et av kompetansemålene for samfunnsfag og historie for 10. trinn er at elevene skal kunne utvikle fortellinger med grunnlag i ulike informasjonskilder. Elevene skal ogso kunne skape og illustrere fortellinger om mennesker. Dessuten forventes det at elevene allerede i 4. trinn skal ha kunnskap til regler for personvern i digitale medium. Nettopp derfor er det svært viktig at lærerne ogso har denne kompetansen.

Hvordan formidle fortiden på en spennende og levende måte for elever på ungdomstrinnet?

Grunnskulelærer-utdanningen ved Universitetet i Stavanger og Arkivverket har samarbeidet i et felles utviklingsarbeid om dette. Mer informasjon finner du [her](#). Kanskje finner du noen tips til egen undervisning?

For dem som ønsker å vite mer om tilgang til Arkivverkets materiale til bruk for undervisningsformål, er det flere opplysninger å finne [her](#).

Konferanser

Nasjonal nettverkskonferanse for samfunnsfag i lærerutdanningene 28.- 29. november, Høgskolen i Sørøst-Norge, campus Drammen:

«Lærerutdanningene fram mot 2025: muligheter og utfordringer for samfunnsfagene»



Samfunnsfagskonferansen 2018 vil bruke den nasjonale strategien som et utgangspunkt for å utforske spørsmålet: Hvordan ser utfordringene og mulighetene ut fra samfunnsfagernes ståsteder? Hvordan kan samfunnsfagene svare på utfordringene? Vi ønsker en bred og åpne tilnærming til temaet og kritiske og reflekterte bidrag, papers og posterpresentasjoner.

**Neste nasjonale konferanse i nettverket:
28.-29. november i Drammen**

Nordisk konferanse i samfunnskapsdidaktikk 11.-13. april i Bergen:

«Samfunnskunnskap i de nordiske land – stabilitet og endring» er tittelen på konferansen som organiseres av Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestland og Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU).

Har du spørsmål om konferansen? Send gjerne en e-post til noksa@hvl.no.

Mer informasjon om konferansen ligger lenket til på vår nettside

European Association of History Educators (EUROCLIO) avholder sin 25. årlige konferanse **21.-26. april** i Marseille med tittelen "Teaching history beyond our horizons – Mediterranean dialogues"



Norske historiedager, 1.-3. juni i Kristiansand: «Historikerne i samfunnet». Møt opp på den største møteplassen for faghistorikere i Norge



Møte en stipendiat!



Mitt navn er **Kristin Gregers Eriksen**, og jeg er en ett år gammel stipendiat i samfunnsfagdidaktikk ved Høgskolen i Sørøst-Norge (HSN). Prosjektet mitt har arbeidstittelen **«Samfunnsfaget som arena for medborgerskap – fortellinger om Norge, norskhet og samiskhet»**. Gjennom feltarbeid i klasserom på trinn 1-7 ser jeg på innholdet i samfunnsfaget gjennom fokus på fremstillinger av Norge som nasjon, som global aktør og hva det vil si å være medborger i Norge. Dette inkluderer også konstruksjoner og fremstillinger av samiskhet. Jeg arbeider særlig med post- og dekoloniale perspektiv, og også urfolksperspektiv. Jeg nærmer meg barnetrinnets samfunnsfag i dets tverrfaglige form slik det fremstår i skolen, og ser på ulike sider av fagets innhold. Dette er også påvirket av at jeg har en tverrfaglig utdanningsbakgrunn med blant annet mastergrad fra Senter for utvikling og miljø ved Universitetet i Oslo.

Jeg har jobbet fem år med undervisning i samfunnsfag på lærerutdanningene ved HSN, og denne erfaringen har vært en viktig inngang til fagdidaktisk forskning for meg. Jeg er opptatt av at forskningen min skal ha relevans for studenter og praksisfelt. Veiledere på prosjektet er Heidi Biseth (HSN) og Stine Helena Bang Svendsen (NTNU). Av faglige interesseområder er særlig demokrati og medborgerskap, post- og dekoloniale perspektiv, urfolksperspektiv/samisk kultur og historie og utdanning for bærekraftig utvikling. Kontakt meg gjerne på epost: Kristin.eriksen@usn.no.